

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Hordaland fylkeskommune ynskjer å stimulere til utvikling av datalagringsentre og eit betre fiberstamnett i Hordaland. God fiberinfrastruktur mot utlandet og eit godt stamnett er viktig for etablering av databasert næringsliv. Denne bransjen er i tillegg svært kraftkrevjande og representerer ein stor og viktig marknad for energiselskapa i fylket vårt. Fylkesrådmannen foreslår at Hordaland fylkeskommune set av inntil 2,0 mill. kroner til ei søknadsbasert tilskotsordning, finansiert med restmidlar frå tidlegare breibandsatsingar, for å utreda muligheiter og flaskehalsar på dette området. Ordninga skal ha som formål å:

1. Definera og skissera løysningar for etablering av fiberkablar mellom Vestlandet og utlandet
2. Skapa dialog og fokus om vidareutvikling av fiberstamnettet i Hordaland og på Vestlandet
3. Definera og utvikla kommunar som er eigna for etablering av kraftkrevjande datasenter